

Fra: Rita Kvinge <rkvinge64@gmail.com>
Sendt: fredag 18. februar 2022 12:51
Til: Postmottak Alver
Emne: Vedr høyring samfunnsdel kommunedelsutvikling

Eg viser til uttaling frå ordførar på kommunedels møte på Ostereidet tirsdag 15 februar, der vi blei oppfordra til å sende evt innspel, og at tidsfristen vart utvida ut denne veka.

I tillegg til at det i kommuneplanlegginga vert arbeida med mål om forbetring av trafikksikre forhold for barn og mjuke trafikantar i dette området, vil eg som vernepleiar og pårørande vere eit talerør for personar i eldreomsorg, og andre som treng tilrettelegging for aktivitetar som betrar folkehelse generelt, og der fysisk fostring, mental helse og livskvalitet vil kunne bli styrka gjennom universell tilrettelegging på turveggar.

Her finst mange stiar for «oppegåande» turgåarar i mark og skog i Ostereidet området, men vi leiter mykje for å finne aktuelle turveggar i lokalmiljøet her der eldre kan gå trygt til fots ute på trimtur.

Eldre personar, personar med funksjonsnedsetjingar, barn, barnevogner, rullestolbrukarar og andre treng og å bevege seg utafør kjøpesenter, og i ein slik miljø og samfunnsplan som no vert utarbeida, ser eg det som naturleg og føremålstjenleg å ha dette med i planleggingsfasen.

Takk for merksemda og lukka til vidare med prosessane.

Vennleg helsing
Rita Kvinge

(Som ofte er på besøk hjå mor på 82 år, som bur på Ostereidet, og saknar gode turveggar, slik dei har tilrettelagt for dette i andre kommunar, jamfør bekkjarvik i austevoll)